

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 01.12.2011



20 på Marienlyst – 23 i distrikta

- Vi høyrer dei over alt. Det er eit vanleg omkvede når vi møter folk som kjenner att nynorskpraktikantane våre på ulike kull. Neste spørsmålet er ofte kor mange som er her og der, men det klarer vi ikkje å svare på lenger. Det har vorte for mange å halde styr på.

- Difor har vi talt opp kva som er stoda per dags dato. Det arbeider 20 tidlegare nynorskpraktikantar i NRK på Marienlyst, fem arbeider for riksnettet på Tyholt og ved distriktskontora er det 18. Totalt 43 i NRK, seier Magni Øvrebotten.


Men NRK Nynorsk mediesenter skal ikkje berre lære opp nynorskbrukande journalistar for NRK, sjølv om det er der dei kan vere mest trygge på å få bruke nynorsk. Sju tidlegare nynorskpraktikantar arbeider i avis og andre media og seks er informasjonsfolk. Resten av flokken på 70 studerer eller har satsa på anna arbeid.

Aldri så gale at det ikkje er godt for noko



Å ha sjefen sjukmeld i fleire månader, og ikkje sette inn nokon i staden, medførde ekstra pengar for oss i år. - Det var dei tilsette som måtte ta støyten når eg var vekke på grunn av augeoperasjonar, og då var det naturleg å bruke pengane til det dei tykte vi trong mest. Nye møblar og utstyr i kurs- og undervisningslokalet vårt, seier Magni Øvrebotten. Dei gamle møblane var ikkje tilpassa at det skulle vere undervising i lokalet, men no møter eit oppussa og nymøblert rom det nye kullet.

Frå Jemen og Setesdal



Kull 16. Frå venstre: Hans-Olav Rise (1991), frå Ulsteinvik, Katrine Nybø (1986), frå Ørsta/Trondheim, Wilhelm Støylen (1980), frå Kvamsøy/Oslo, Ingunn Rauk (1983), frå Grendi, Bygland kommune, Setesdal/Bergen og Raymond Lidal (1986), frå Bømlø i Hordaland/Jemen.

Det er ikkje ofte vi hentar folk heilt frå Jemen til Førde for å sjekke ut om dei eignar seg som nynorskpraktikantar, men det skjedde då kull 16 vart plukka ut. – Eg får ikkje kjent på handtrykket og sett dei skikkeleg i augo på Skype, seier Magni Øvrebotten, som forklaring på kvifor Raymond Lidal måtte reise så langt for å kome inn.

På kull 16 er det tre menn og to kvinner, i alderen 20 til 31 år. Tre sunnmøringar, ein sunnhordlending og ein setesdøl. – Ingunn Rauk er frå Setesdal, og derifrå har vi aldri hatt nynorskpraktikantar før. Det var kjekt at vi endeleg lukkast med det, seier Øvrebotten.

Dei byrjar på opplæringa i Førde 3. januar og er ferdige som nynorskpraktikantar til 1. juli 2012. Du finn meir om bakgrunnen deira på nettsida: <http://bit.ly/rPMVEO>

- Kvar dag er som ei heildagsprøve



Kull 15. Frå venstre: Sondre Dalaker, Agnese Bremere, Susanne Egset, Maria Pile Svåsand og Lars Erik H. Andreassen

Slik skildrar ein av karane på kull 15 korleis det å vere nynorskpraktikant. Dei byrja på opplæringa 22. august og fire av fem reiser frå Førde til jul. Frå 3. januar skal dei i to månaders ekstern praksis.

Lars Erik Andreassen skal til mP3 og P3 Natt/Helg på Tyholt i Trondheim, Sondre Dalaker skal vere i NRK Sogn og Fjordane, Maria Pile Svåsand i NRK Hordaland, Agnese Bremere i Kulturnytt i NRK P2 og Susanne Egset skal til NRK Dagsnytt.

Maria Pile Svåsand:

- Å vere praktikant er det mest morosame, travle, skumle og vanskelige eg har gjort. Læringskurva er nesten loddrett. Sjølv om vekene flyr, kjennest det som eg har vore her i årevis fordi eg har opplevd så mykje. Krava er store, men utbyttet er enormt. Eg gler meg veldig til å kome ut i ekstern praksis, sjølv om det blir litt trist å forlate den trygge hamna i Førde. Nynorsk Mediesenter er ei enorm moglegheit, og eg er verkeleg privilegert.

Lars Erik Andreassen:

- Tida hos NRK Nynorsk mediesenter har vore travel, utfordrande, og heilt fantastisk! Steget frå vidaregåande skule til praksis i NRK har vore stort, men trass i

at kvar dag følast litt som ein heildagsprøve, har eg aldri hatt det kjekkare. Denne hausten har eg fått prøve meg som journalist og på berre nokre få månader har eg laga TV-sak til Vestlandsrevyen og vore med direkte på NRK alltid nyheiter. Etter jul forlèt eg nynorskreiret, då skal eg til Trondheim der MP3 og P3 Natt/helg ventar. Eg er sikker på at det halve året hos NRK nynorsk mediesenter har forma framtida mi ganske mykje, og eg er takksam for all lærdommen og røynsla eg tek med meg vidare.

Agnese Bremere:

- For meg har Nynorsk mediesenter vore ei dør inn til ei anna verd. Eg kom rett frå studiar og lange dagar på lesesal, til ein travel kvardag på ein nyheitsdesk. Det har absolutt gitt meirsmak! I løpet av tida ved Nynorsk mediesenter har er lært handverket på svært kort tid, eg har blitt mykje betre kjend med fylket mitt, eg har treft veldig mange dyktige og hyggelege folk, og eg har blitt meir trygg på meg sjølv!

Sondre Dalaker :

- Livet som nynorskpraktikant er rått. Enkelt og greitt. Livet utanom må setjast litt på vent nokre månader fordi læringskurva er veldig bratt, men det er likevel heilt fantastisk moro og utan tvil verdt kvart einaste minutt! Eg har storkost meg sidan eg byrja og lærer nye ting kvar einaste dag i eit knallgodt arbeidsmiljø med fantastiske kollegaer. NRK Nynorsk mediesenter er ein dørøpna og ein rakettrampe. Det einaste som står mellom ein nynorskpraktikant og toppen av journalistverda er kor mykje arbeid ein vil leggja ned sjølv.

Susanne Egset:

- Å verte nynorskpraktikant er det luraste eg nokon gong har gjort. Eg har blitt broten ned og bygd opp på alt frå språk, stemmebruk, intervjueteknikk og teknisk utstyr.

Eg har lært så mykje eg ikkje trudde var mogleg på berre få månader. Vi har hatt profesjonelle førelesarar, og blitt kasta rett ut i situasjonar ein er nøyddde å takle som journalist. Etter ei svært intensiv opplæring, med store mengder praksis og grundig oppfølging, har faglærarar og vaksjefar klart å gjere meg trygg på både radio- nett- og TV-journalistikk.

Dessutan har vi hatt eit stort fokus på språk, og fått grundig innføring i alt frå grammatikk og språkhistorie til språkbruk i dei forskjellige journalistsjangrane. Eg veit eg kjem til å dra nytte av alt eg har lært på Nynorsk Mediesenter, og er evig takksam for at eg har fått æra av å stå på same springbrettet som så mange dyktige folk har gjort før meg.

Fast tilsetting



Mathias Oppedal (1985) vart fast tilsett i NRK Rogaland i sommar. Han arbeider for det meste som nettjournalist, og vart lånt ut til nettredaksjonen i NRK. no. i ein måned etter 22. juli.

Oppedal har arbeidd i NRK Rogaland sidan mars 2010, då han var ferdig med praksisen sin der. Han er den tredje nynorskpraktikanten som får fast tilsetting i NRK Rogaland. – NRK Nynorsk mediesenter gav meg ryggrad til å bruka nynorsk uansett. Tidlegare flakka eg når eg skulle velja målform. Nå har eg forstått at nynorsken er som ei potet; ho smakar godt, seier Mathias Oppedal.

Medarbeidargransking

Våren 2012 får vi ei eiga medarbeidargransking for NRK Nynorsk mediesenter, basert på røynslene til kull 14 og 15. Begge kulla vert spurde når dei er ferdige med halvåret som nynorskpraktikantar.

Det er Bitten Kallerud, i Organisasjonsstaben i NRK, som er fagleg ansvar for denne medarbeidargranskinga. Det er andre gongen det vert gjort ei eiga gransking for NRK Nynorsk mediesenter, den fyrste var gjort for kull åtte og ni.

Kursverksemda



Året 2011 vart det store året for medietreningskurset vårt. Nynorskkurset var mest populært i fjor, men også i år er det mange som har sett kor viktig det er med god nynorsk formidling.

Kurskalenderen viser at vi har hatt 20 kurs og foredrag i 2011, og desse fordelar seg mellom medietrening, nynorskkurs, beredskapsøvingar, presentasjonskurs og foredrag.

På kundelista står mellom andre Havforskningsinstituttet, energiselskap frå tre fylke, Lotteritilsynet, LO Stat, Helsedirektoratet, Sparebanken Vest, Sogn og Fjordane Bondelag, Hordaland fylkeskommune og fleire kommunar.

Nytt av året er det at Wenche Eikum, som er kursansvarleg i NRK Nynorsk mediesenter, er fast tilsett i 60 prosent stilling. På denne måten sikrar vi at kursverksemda kan halde fram og utvikle seg. Vi har nokre ferdig utarbeidde kurs, som vi heile tida prøvar å tilpasse det kundane treng. Neste år kjem vi mellom anna til å tilby eit oppfølgingskurs i nynorsk, med endå meir skrivetrening.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 01.12.2011 har vi sendt frå oss 70 nynorskpraktikantar, og 71,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 43 av dei arbeider i NRK. Totalt har 23 fast arbeid i media, 18 i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK.no, NRK Super, NRK Radio Super, Kulturnytt, NRK P1, P2 og P3, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og

Fjordane og Nordland.

I statusrapportane tek vi heretter berre med dei fem siste kulla, elles vert desse rapportane altfor omfangsrrike. På nettsida www.nynorskmediesenter.no finn du alle kulla og vi oppdaterer jamleg kvar det blir av nynorskpraktikantane.

Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011



Jonas **Sætre** (1986) er tilkallingsvikar i NRK.no, Ingrid **Brandal Myklebust** (1986) er vikar i NRK Dagsrevyen. Ingvild **Nave** (1990) tek Europastudier ved Universitetet i Bergen, og frilansar for NRK Hordaland., Gry **Brekke Hustveit** (1983) er frilansar på fleirkamera og Christian **Wiik Gjerde** (1981) er vikar i NRK Radio Super, som reporter og produsent.

Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard **Troøyen Foseide** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Sporten. Hilde **Zahl** (1982) er tilkallingsvikar på Tyholt, mest som reporter og programleiar i Kveldsåpent i NRK P1. Karl Kristian **Langeland** (1984) er vikar og programleiar i NRK Sogn og Fjordane og Hans Kristen **Hyrve** (1985) er tilkallingsvikar i RadioSelskapet og sendeleinga i NRK P2.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984) er vikar i Språkrådet, Ingvil **Aaen Torpe** (1982) er vikar og vaksjef i Norge i dag, i NRK Hordaland. Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i "Kulturhuset" i NRK P2. Mari **Langva** (1986) har foreldrepermisjon og Gunn Evy **Auestad** (1986) er vikar i NRK.no.

Elleve kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre: Mathias **Oppedal** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) er vikar i NRK Hordaland, Sara **Myhren Kornberg** (1987) er vikar i Nattradioen i NRK P1, og byrjar ved nyttår som vikar i NRK Hedmark og Oppland. Simon **Solheim** (1990), er vernepliktig journalist i Forsvarets Mediesenter og tilkallingsvikar i Dagsnytt.. Bjørn Ivar **Voll** (1985) er vikar i NRK Møre og Romsdal

Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009



Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986) som er fast tilsett i NRK Super. Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er fast tilsett informasjonsrådgjevar i Norske Kunstforeninger, Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Dagsnytt/Alltid Nyheter, Anna **Gytri** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane og Siri **Kleiven Strøm** (1987) er vikar i NRK Hordaland.

Visjon og verdiar

”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiking av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at dyktig vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein frodig tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt framfus i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no